



VEDERLAG 2021

Om vederlag

Vederlag vert kravd ved alle Florø hamn KF sine kaier og er like ved alle Florø hamn KF sine kaier. Vederlagsregulativet skal godkjennast i styret til Florø hamn KF kvart år og vederlagsregulativet for 2021 gjeld frå 01.01.2021 til 31.12.2021. Satsane er eks mva.

Kaivederlag

Det skal betalast kaivederlag for å legge til kaier eigd av Florø hamn KF etter følgjande satsar:

Av dei første	5000 BT.	kr 0,69 / bt.
Av dei neste	5000 "	kr 0,61 / bt.
Deretter, over	10.000 "	kr 0,54 / bt.

Minstevederlag er kr 220 for farty mindre enn 15m og kr 430 for farty på 15m og større.

- Kaivederlaget skal betalast for kvart påbegynte kalenderdøgn. Liggetida vert rekna f.o.m. fartøyet sin ankomst til kaia, og til det forlet den att, og kaivederlaget gjev rett til å ligge ved kai i inntil eit døgn.
- For fartøy som etter ordre frå hamneoppsynet må forhale frå kaia, for å gje plass for eit anna fartøy, og deretter legge til kai igjen, reknast liggetida som om fartøyet heile tida har lege ved kaia. Skifter eit fartøy frå offentleg kaiområde til privat kaiområde innan hamnedistriktet for lossing/lasting, reknast liggetida for avbroten.
- Eit og same fartøy som går i fast rute og som går til offentleg kai fleire gongar i løpet av eit kalenderdøgn, betalar kaivederlag berre ein gong pr døgn for bruk av kai.
- Eit farty som fortøyer utanfor eit anna farty som ligg ved kai, betalar kaivederlag som om det var fortøyd ved kaia. Bunkersfarty som bunkrer skip ved kai, betalar ikkje kaivederlag når dei legg seg på utsida av skipa dei bunkrar.
- Farty som betalar særskild vederlag, er fritekne frå kaivederlag.
- Eit kvart farty, enten det er fritatt for kaivederlag eller ikkje, er forplikta til å ta den plass den er tildelt av hamneadministrasjonen. Om naudsynt kan hamneadministrasjonen krevje forhaling eller flytting av fartyet.

Særskild vederlag*

Følgjande farty har særskild vederlag

1) Lokale båttruter som dagleg trafikkerer hamna.

- Tildelt plass v/ off. kai-døgnplass: kr 705,- per bt pr år.



2) Mindre farty i næringsverksemd med fast båt plass ved flytebrygge i indre hamn. (taxibåtar m.m.)

- Betaler eit årleg vederlag på kr 22.800,-

*Særskild vederlag dekker farvassavgift og kaiplass. Bruk av renovasjon, straum, vatn kjem i tillegg.

Rabatt

Godsskip som går etter ein på førehand oppsett ruteplan får 30% rabatt på kaivederlaget etter søknad. Prosjekt som medfører kailigge over 4 veker kan etter søknad til Florø hamn KF sin administrasjon kan få redusert kaivederlag/rabatt. Av kostnadmessige grunnar har råd/styre vedtatt dei rabattordningar som er i dette regulativet. Om det i perioden oppstår uventa skeivhetar i vederlag mellom dei ulike brukarane, kan administrasjonen gjere dei tilpassingar som er naudsynte for å rette opp utilsikta forhold eller tilpassingar.

Kystrutefarty i rute (kystruteavtale med samferdselsdepartementet) får ein ekstra grupperabatt på 55% per anløp.

Fiskefarty frå 30m opp til 50m, heimehøyrande i Kinn kommune	kr 11.000,- pr år.*
Fiskefarty frå 15m opp til 30m, heimehøyrande i Kinn kommune	kr 6 500,- pr. år.*
Fiskefarty opp til 15m, heimehøyrande i Kinn kommune	kr. 3 500,- pr. år.*

*gjeld inntil 50 døgn i året og berre ved fiskeriflytekaia ved Amfi, fiskerikaia i Hesteneset eller anna tilvist kai etter avtale med Florø hamn KF. Det brukar sitt ansvar om å søke om ein slik avtale i forkant. Det er eit krav at brukarar med årsavtale alltid meldar frå ved ankomst og avgang.

Passasjervederlag

Det vert kravd inn kr 3,00- i passasjervederlag for kvar passasjer som reiser til eller frå passasjerterminalen på Fugleskjærkaia.

Bil over offentleg kai

Det vert kravd inn eit vederlag på kr 10,- pr. køyretøy som reiser til eller frå ferjebrauene på Fugleskjærkaia.



Fortøyning/oppmøte

Dagtid (normal arbeidsdag mellom 08:00-15:00)

kr 740,- pr time

Kveld/natt/helg (alt utanom normale arbeidsdagar mellom 08:00-15:00)

kr 1480,- pr time

Hamnebåt "Ytterøyane"

Leige av båt m/førar etter avtale.

Opplagsvederlag varer

Gods som er landa og vert liggjande ut over 48 timar på offentleg kai, svarer følgjande vederlag:

kr 8,- per m² per døgn

Korttidsleige av areal (inntil 6 mnd)

Korttidsleige av areal gjeld berre ved avtale inngått i forkant. Elles er det opplagsvederlaget som ligg til grunn.

Uteareal, ikkje ISPS kr 30 pr m² pr mnd.

Uteareal, ISPS kr 34 pr m² pr mnd.

Bruk av kaiareal i samband med festivalar og særskilde arrangement etter avtale.

Langtidsleige etter avtale.

Avfallsvederlag

Jamfør forskrift om begrensing av forureining (FOR 2004-06-01 nr 931) skal omkostningar knytt til mottak og vidare handtering av avfall frå skip dekkast ved innkrevjing av avfallsgebyr frå dei som anløper hamna. Omfanget av gebyret skal reknast på grunnlag av skipets bruttotonnasje (BT), og/eller levert mengde. Vederlaget vert ilagt sjølv om skipet ikkje nyttar seg av tilbodet. Det vert gjeve fritak



eller fråfall av gebyr om det kan dokumenterast at avfallet vert levert fast i ei anna hamn og det kan dokumenterast at denne hamna har mottaksordning i samsvar med kapittel 20 i forskrifta, eller at særskilde omsyn tilseier det.

Fartøy som anløper kaier til Florø hamn, betaler pr. anløp eit vederlag etter følgjande satsar*:

Fartøy under 50 BT er fritatt for avfallsgebyr.

Skip mellom 50 og 100 BT	Kr.	33,00
Skip mellom 101 og 1000 BT	Kr.	159,00
Skip mellom 1001 og 3000 BT	Kr.	319,00
Skip mellom 3001 og 5000 BT	Kr.	427,00
Skip mellom 5001 og 10000 BT	Kr.	845,00
Skip mellom 10 001 og 20 000 BT	Kr.	1277,00

Skip over 20 000 BT betaler for faktiske kostnader, med tillegg av 10% til administrasjon.

*Dette gjelder bysseavfall og emballasje av skipsfornødenheter. Avfall og dønnage frå lasteromma, samt utrangert fiskebruk av ein kvar art betalar for faktiske kostnad inkl. transport og containerleige med tillegg av 10% for administrasjon.

Såkalla "Spøkelses-garn" kan leverast vederlagsfritt mot at det er innmeldt til Florø hamn på førehand.

ISPS-vederlag

ISPS-fartøy betalar eit vederlag på kr. 0,24/bt pr døgn.

ISPS-passasjerfartøy betalar i tillegg eit vederlag på kr. 17,- pr. passasjer.

Alle farty over 15 meter som nyttar seg av ISPS-terminal skal betale ISPS-vederlag uavhengig om fartyet er eit ISSC-farty eller ikkje. Fartøy som ikkje har ISSC-sertifikat er fritatt for ISPS-vederlag ved anløp der hensikta berre er bunkring av drivstoff og bunkringspersonell er til stades under heile anløpet, og ISPS-infrastrukturen elles ikkje vert nytta.



Dersom eit fartøy som følgje av auka sikringsnivå eller andre krav om bord krev ekstra tryggingstiltak under hamneopphaldet vil kostnadane for desse tilleggstiltaka lastast rederiet.

ISPS- andre aktørar

Transportsikringskontrakt

Faste transportørar, leverandørar, brukarar og andre leigetakarar i ISPS-anlegget til Florø hamn KF kan signere transportsikringskontrakt (tidlegare kalla "Sikkerheitserklæring frå fast aktør"). Om det er tvil om at aktør ikkje held pliktane i transportsikringskontrakta vert aktør rekna som utan transportsikringsavtale.

Alle aktørar som ønskjer ein transportsikringsavtale må søke Florø hamn KF ved å sende ei melding til hamn@kinn.kommune.no. Det er vederlagsfritt å få transportsikringskontrakt. Transportsikringsavtalen er eit krav for å få utstedt ISPS adgangskort og den frittek aktøren frå kravet om 5% gjennomføring og kontroll ved entring av ISPS-området ved nivå 1.

Kurs

Godkjent ISPS-kurs finn ein på www.florohamn.no. Kurset er personleg og kursdeltakar må skrive ut/lagre kursbevis etter gjennomført kurs. Godkjent kursbevis må leggjast fram for å få adgangskort. Tilsvarande kurs frå andre ISPS-terminaler vert godkjent som gjennomført ISPS-kurs ved framlegging av kursbevis.

Adgangskort

Adgangskortet er personleg og kan inkludera adgang for køyretøy. Føresetnadane for å få adgangskort er godkjent ISPS-kurs og gyldig transportsikringskontrakt.

Prisar

ISPS-kurs	kr 470 per kurs*
Utsteding ISPS-adgangskort:	kr 250 per kort
Årleg vederlag for ISPS-adgang :	kr 300 per kort



Gebyr for tapt/øydelt ISPS-kort, inkludert lånekort : kr 400 per kort

Adgangskort eldre enn 5 år kan skiftast ut vederlagsfritt.

Midlertidig køyretilgang: kr 50 pr døgn

Besøkande utan bil vert gitt tilgang kostnadsfritt.

*Pris for ISPS-kurs følger leverandør sin prisar, og kan bli endra i løpet av perioden.

Tilgang køyretøy utan adgangskort

Midlertidig kjøretilgang vert belasta pr kalenderdøgn for besøkande til terminalen for gods- og varetransport. Dette vert fakturert etterskotsvis og fakturering vert gjennomført 4 gongar i året. Generelt anbefalast det å inngå ein transportsikringskontrakt.

Privatkundar som kan framvise gyldig dokumentasjon på henting av varer, vil ikkje bli lasta for vederlaget. Det er speditørens ansvar å utstede dokumentasjon til privatkundar.

Lasting og/eller lossing av ISPS-farty

Ved lasting/lossing av ISPS-farty ved Flora hamn KF sine kaier så er det ønskjeleg at aktør har inngått ein transportsikringskontrakt og har godkjent personell som kan utføre sikringsoppgåver i tillegg til laste- og losseoperasjonar. Aktørar som ikkje har denne kontrakta eller godkjent sikringspersonell som kan ivareta pliktene i sikringsplanen, må tinge godkjent sikringspersonell av Flora hamn KF for gjennomføring av laste- og losseoperasjonar. Aktør som lastar og/eller lossar vert fakturert pr time, frå ein time før ankomst av farty til ein time etter avgang av farty etter prisar oppgitt under "fortøyning/oppmøte".

Straum

Straum vert fakturert etter forbruk, kr 1,80 pr kWh.

For farty mindre enn 15 m, kr 100 pr døgn.

For levering av straum utanom ordinær arbeidstid kjem det tillegg for utkall av mannskap tilsvarande faktisk brukt tid, minimum ein time.



Ferskvatn

Fylling av ferskvatn pr tonn: kr.19,- pr. tonn

Minstepris (10 tonn): kr.190,-

For levering av vatn utanom ordinær arbeidstid kjem det tillegg for utkall av mannskap tilsvarende faktisk brukt tid, minimum ein time.

Varevedelag

Reglar

Varevederlag for inngående varer kviler på varemottakar. Varevederlag for utgåande varer kviler på vareavsendar.

For stykkgodsfarty vert vederlaget innkravd av fartyet sin ekspeditør. Hamnesjefen avgjer i kvart enkelt høve kva for farty som vert å nemne som stykkgodsfarty, og kva slags last som skal nemnast som stykkgod. For slike farty skal ekspeditør sende oppgåve til hamnevesenet kvar månad. Oppgjer skal betalast etter utløpet av kvar månad. Oppgjeret skal følgjast av ei oppgåve over farty og anløpsdato, med tilhøyrande vederlag, samt total sum med frådrag for fastsett innkrevjingsgodtgjersle.

Det skal leggjast ved oppgåva ei stadfesting frå firmaet sin revisor om at dei oppgitte summene utgjer varevederlaga, i samsvar med satsane i dette regulativet, for dei varer som er lossa frå dei farty som er nemnd i det angjeve tidsrom. Varevederlaget skal først opp på eigen konto og for kvart farty, i mellomrekning med hamnevesenet. Hamnevesenet har høve til ved stikkprøver å kontrollere og kan krevje det materialet som ein finn naudsynt lagt fram.

For varer som kjem med andre farty (bulklstar) skal det betalast varevederlag av vedkommande varemottakar, etter rekning frå hamnevesenet. Ekspeditør eller meklar, eller om fartyet ikkje har slik – fartyet sin førar, skal snarast mogeleg etter ankomst sende hamnevesenet oppgåve over vara si art (sjå regulativ), mottakar og vekt av kvar enkelt mottakar sitt parti.

Varer må berre leggjast på dei stader som hamneoppsynet tilviser. Dei må snarast mogeleg fjernast om ikkje anna er avtala med hamneoppsynet. Varer som vert liggjande utan hamneadministrasjonen si godkjenning, eller som vert lagra utan denne, kan fjernast og lagrast annan stad for mottakar eller avsendar si rekning. Om slike varer ikkje vert henta etter krav, kan hamnevesenet selje dei på auksjon etter vanleg kunngjering. Varer som ikkje gjev trygd for utlikna kostnader eller som kan vere til ulempe eller skade, kan seljast av hamnevesenet før utløp av tidsfristen i det nemnde kravet, eller destruerast om ein finn det naudsynt. Om ein finn det naudsynt kan hamnevesenet utbetre ei vare si emballasje mot refusjon av utgiftene.



Hamnevesenet er heilt utan ansvar for dei varer som til ei kvar tid er lagra i lagerhus, på kaier, brygger og på opne lagerplassar.

Det kviler på ekspeditør/ meklar snarast mogeleg etter vara si ankomst å gje hamnevesenet følgjande opplysningar: Vara si mottakaradresse, vekt og mål, skipet sin siste lossedag og vara sin utleveringsdag, m.m. Vedkomande meklar/ ekspeditør er ansvarleg for at avgiftspliktige varer ikkje vert utlevert før kostnader og avgifter til hamnevesenet er betalt.

Fritak frå varevederlag.

Varer som grunna lasta si forskyving, omstuing eller liknande vert landa på kaia for så å verte lasta inn att på same farty er fritatt varevederlag. Tom-emballasje, så som pallar eller containarar, for emballering av varer til utføring er fritatt varevederlag. I tillegg er bagasje til passasjerar, Proviant, bunkers og andre skipstilfang til eigen trong, ballast og post friteken varevederlag.

Varevederlag på offentlege kaier

VARESLAG	VAREVEDERLAG
Petroleumsprodukt	kr 12,90
Fiskefôr	kr 7,80
Fôr- og gjødselstoff	kr 7,80
Murstein, kalkstein, skifer m.a .	kr 6,70
Sand, singel, pukkstein, asfalt	kr 7,80
Fisk, krepsdyr og blautdyr	kr 11,40
Papp og papir	kr 22,50
Tre og trevarer	kr 21,50
Sement	kr 7,20
Stål og varer derav	kr 11,40
Andre varer	kr 12,90
Rullande einingar	kr 105,00 pr stk.



Vederlaget vert rekna per 1000 kg eller per 2,0 m³, og ein skal velje den metoden som gjev den største avgifta. **Minste vederlagssats er kr 15,-** Sendingar under 10 kg er fritaken frå vederlag.

Sum av inngåande og utgåande last per farty- anløp skal leggjast saman, summen vert multiplisert med ein generell vederlagssats på kr 15,50,- per 1000 kg / 2,0 m³ (frakttonn). Kombinasjon av dei to metodane vert ikkje tillaten. Der rekneskapstekniske tilhøve gjer det naudsynt, kan særskilde ordningar avtalast med hamneadministrasjonen.

Florø Gjestehamn

Florø Parkering AS er hyra inn til å krevje inn kaivederlag på Flora hamn KF si gjestehamn etter følgjande takstar:

- Døgnpris kr 250.*
- Klippkort (30 klipp, gyldig 12 mnd etter utsteding) kr 5 200.*
- For lågsesong (01.10-15.05) vert det i tillegg tilbydd langtidsleige ved avtale i forkant. For langtidsleige krev det at ein har tilsyn med eigen båt, og har høve til å flytte den om det trengst.

	1-4 mnd, pris pr mnd*	5-10 mnd, pris pr mnd*
Båtar under 35 fot	Kr 2 550	Kr 2 250
Båtar på 35 fot og over	Kr 2 800	Kr 2 500

- Det er tre timars gratis kailigge på yste del - mynta på lokalhandel. Området er skilta, det er maks tall plassar og plassane inkluderer ikkje bruk av servicehuset.

*Dette inkluderer vatn, straum (16A), levering av mindre mengder avfall og bruk av servicehuset med alle tenester.

Kaivederlag på gjestehamna må betalast med anten kort eller app (Go Marina– app).

Båtar over 60 fot har ikkje tilgang til å nytte gjestehamna.

Endringar av dette regulativet

Desse vederlaga gjeld frå 01.01.2021 til 31.12.2021.

Vedteke i styret Florø hamn KF 04.11.2020.